

## Søknad om dispensasjon i LNF område

Søknaden gjeld eigedom 247/5 i Alver kommune.

Adressa er Dyrkolbotn 202.

**Eigar er Vigdis Anne Dyrkolbotn. Eigar er óg søkjar.**

Hytta ligg i eit inngjerda område saman med andre hytter. Hytteområdet er eit sameigeområde, og heile området er på gards og bruksnummer 247/5. Hytteområdet ligg litt nedanfor gardsvegen inn til sjølve Dyrkolbotn.

Det omsøkte tiltaket er ikkje til noko hinder i høve til beite, natur og fritidsføremåla i dette etablerte LNF området.

Me vil byggje:

1)

Eit lite tilbygg på 3 m<sup>2</sup> på baksida av eksisterande hytte, i flukt med eksisterande «bad/vaskerom».

Det me kallar bad/ vaskerom er utstyrt med kun ein vask og er utan toalett.

Formålet er å setje inn eit dusjkabinett og å få litt ekstra skap og oppbevaringsplass i hytta.

2)

Ein treplattung på 21 m<sup>2</sup> på framsida av hytta, i ca terrenghøgde. Det vert på det meste ca 30 cm over marka, pga av det ujamne terrenget.

Formålet er at me då kan sitje ute i stolar og ha bord på plant underlag. Terrenget framfor hytta er svært ujamnt og det er uråd å nytte utemøblar der.

### **Fordel med dispensasjonen:**

Året er blitt 2020 og både gamle og nye generasjonars krav til bad med dusj på hytta er stor.

Det er rett og slett litt vanskeleg å klare seg utan dusj på hytta. Dei fleste av oss krev ein anna standard på hytta som er litt i tråd med det ein er vane med heime, det gjeld óg både meg og familien min..

Familiemedlemmene våre av den litt yngre garde vil lettare nytte hytta og dei flotte fjellområda i denne delen av Stølsheimen om standarden på hytta vert heva til eit nivå der dusj er innbefatte.

Likeeins når det gjeld dispensasjon for å lage treplattung på framsida slik det går fram av teiningane. Terrenget utanfor og rundt hytta er så ujamnt at me ikkje kan nytta stolar og bord ute. Det er utprøvd over mange år, så no har me gitt opp.

Det har kun resultert i øydelagde møblar og nokre latterkuler når me veltar og dett av stolane. Å nytta hyttefjellnaturen ved å sitja på plant underlag utan å risikere personskade kan vera kun helsefremjande :)

### **Ulemper med dispensasjonen:**

Utnyttelsesgraden på tomta er svært liten.

Utbygget er på baksida av hytta, og hytta ligg bak ein haug. Difor vil utbygget reint visuelt vera hverken synleg eller skjemma for andre hyttenaboar eller vera skjemma/utstikkande i sjølve terrenget.

Treplattingen vert ei slags forlenging av trappa på framsida. Den utgjer ingen stor inngripen i terrenget. Plattingen er heller ikkje til noko fysisk sjenanse for hyttenaboene. Plattingen vert kun ein fordel for hyttenaboane, såvel som oss eigarar med familie, når dei er på besøk. Då kan dei endeleg få sitje på plant underlag, utan fare for personskade.

Slik me ser det vil det difor ikke innebera noko ulempe for nokon med dispensasjonen.

På bakgrunn av desse opplysningane gjeld søknaden dispensasjon til oppføring av ovannemde påbygg og tilbygg pga av at hytta ligg i eit LNF område.

Søknaden er av **permanent art**.

Halsnøy Kloster 14/2 2020

Venleg helsing

Vigdis Anne Dyrkolbotn

Øreviksvegen 17

5455 Halsnøy Kloster

Mobil 91648333